

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: VP6N3Y

Registrert dato: 31.07.2019 23:01:49

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn Ketil	
Etternamn Tjore	
Adresse Juvikstølen 52	
Postnummer 5916	Poststad ISDALSTØ
Telefon 92209916	
E-post ketil_tjore@hotmail.com	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input checked="" type="radio"/> Områdeplan Lonena
<input type="radio"/> Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031
<input type="radio"/> Oppheving av reguleringsplan Nappane
<input type="radio"/> Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031
Uttale
<p>For meg som har budd i Knarvik nokre år er det heilt greitt å dela bukvalitetane her med fleire. Det er kjekt å kunna gå rett ut i naturen, ha kort veg til skule, idrettsanlegg og andre offentlege tilbod, og ha eit handlesenter midt i bygdebyen. Det er ikkje overraskande at det er ønskje om å bygga fleire husvære her, og alle dei kvalitetane som eg set pris på i kvardagen vil gjera det lett å selja bustader til fleire.</p> <p>Samstundes er det politikarane sitt ansvar å sjå til at utbygginga og utviklinga av Knarvik på best mogleg måte riggar bygdebyen vår for framtida. Som ein plass å bu, jobba, gå på skule, i det heile ein god plass å leva. Her er det ein del moment som må "passast på" i samband med planane for Lonene.</p> <p>- Brekkeløypa. Eit lågtbyggande landemerke for Knarvik, kjent av mange og brukt av folk frå heile regionen vår. Me som er der innimellom ser stadig vekk fjes frå andre deler av regionen, som kombinerer handleturar eller andre besøk med ein tur i ei av dei få universelt tilrettelagde turløypene. Alle som har helse til å føta seg på stiane til Gamleskulen eller Indregardsfjellet skal vera glade for det, men ein må samstundes ha tanke for dei som treng ein flat grusveg å gå på, anten det er helseårsaker, eller kanskje ei barnevogn som skal vera med på tur. Dersom denne løypa skal ha same appell i framtida trur eg det er avgjerande at ein kan bruka løypa utan å ha ei kjensle av å "gå i hagane" til folk. Eit greitt utgangspunkt er at ein ikkje skal ha innsyn rett ned på løypa frå hagar og hus.</p> <p>- Trafikken. Sjølv om utbyggingssselskapa dei siste åra i stadig større grad framsnakkjar miljøvennlege transportmiddel</p>

som sykkel og gange, buss og båt, så er det framleis slik at dei aller fleste familiar har minst ein bil. Og gjerne to, sjølv om utbyggjarane legg opp til ein parkeringsplass per bueining og meiner det er nok. Alle desse bilane skal så ut på vegen, i dette tilfellet Lonsvegen, der det er rikeleg med bilar frå før. Særleg på morgonen er det kapasitetsproblem i kryssa i begge endar, mot høvesvis E39 ved gravplassen og mot fylkesveg 57 ved Gymnaskrysset. Dersom utbyggjar prøver å rekna seg vekk frå trafikkauken ved å visa til at alle skal sykla, er det berre å ta ei oppteljing av kor mange bilar som er eigd av oss som bur i området rundt Lonene i dag.

- Utviklinga av Knarvik Sentrum. Det er vanskeleg å spå om kva som vert framtida for handelssenteret som det me har i Knarvik. Det er netthandel å konkurrera med, og helst skal me verta flinkare til å bruka på nytt og ikkje berre kjøpa nytt. Men politikarane har vedteke ein ambisiøs plan for korleis heile senterområdet skal utviklast, der det er lagt opp til nybygg med leilegheiter, kontor og butikkar. Med planen følgjer også omfattande rekkjefølgjekrav, mellom anna å ta sin del av rekninga for det arbeidet som er sett i gang med vegar og annan infrastruktur. Eg ser ikkje at det er mogleg å selja leilegheiter i senteret med ekstra kvadratmeterpris på grunn av rekkjefølgjekrava, parallelt med at rimelegare leilegheiter er til sals to kilometer unna rundt Lonene. Her kan politikarane altså effektivt torpedera sin eigen sentrumsplan.

- Variasjon i bustader. For utbyggjar gjev leilegheiter størst utbytte. For Knarvik som bygd er det viktig med variasjon, der også dei som ønskjer einebustad eller større leilegheiter kan få dette. Idretten, skulemusikklaget og samfunnet elles treng innbyggjarar som kjem til Knarvik for å bu over tid, og ikkje berre dei som etablerer seg i ei leilegheit i påvente av at dei skal kjøpa seg hus ein annan plass. Det å høyra til ein plass over tid er bra for bygda, det inspirerer til større innsats i lag og organisasjonar enn om ein berre er "på gjennomfart". Det er bygd mange leilegheiter i Knarvik dei siste åra, i dei talrike prosjekta langs Lonsvegen og nedanfor den tidlegare NGIR-stasjonen, og no kan det gjerne byggast hus fram til senterområdet kan komma med leilegheiter om ti års tid.

Då står det berre att å ønskja lukke til med det vidare arbeidet med planane.